



Alver kommune

INFORMASJON OM SKULEHELSETENESTA VÅREN 2020

Alle skulane i Alver kommune har ein fast helsesjukepleiar. Oppgåvene hennar er å følgje opp elevane si psykososiale helse, i tillegg til å jobbe helsefremmande og sjukdomsførebyggjande. I tillegg skal ho vera ein ressursperson/rettleiar for føresette og dei tilsette i arbeidet med elevane. Helsesjukepleiar kallar inn enkeltelevar etter behov, tidlegare funn eller avtalar.

Elevar og føresette kan sjølv kontakte helsesjukepleiar direkte på skulen, om det er noko de ynskjer å ta opp. Ho kan og kontaktas på mail og telefon.

I skulehelsetenesta ynskjer vi å ta tak i problema i ein tidleg fase, då dei gjerne er lettare å løyse då. For å få til dette, er me avhengig av eit godt samarbeid med foreldra og med skulen.

Helsesjukepleiar har og eit nært samarbeid med anna fagpersonell innan helsesektoren. Ved å ta kontakt med helsesjukepleiar kan ein såleis få hjelp og rettleiing på ein effektiv og rask måte.

NB! Det vert ny helsesjukepleiar på Seim Skule frå januar 2020.

Helsesjukepleiar på Seim skule er Ann Kristin Legernes

Ho har kontortid på skulen måndagar og tysdagar dette skuleåret
(Skulen har ei nærare oversikt over kva datoar ho er på skulen.)

**De kan nå ho på mobiltelefon : 409 10 890 eller mail
ann.kristin.legernes@lindas.kommune.no**